

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Utval for samfunnsutvikling (UFS)	16.05.2022	018/22
Kommunestyret (KS)		

Kommunal planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023 - revisjon

Kort om saka:

Saka handlar om revisjon av planstrategien for Øygarden kommune 2020-2023, med prioriterte planoppgåver fram til neste ordinære planstrategi, som skal vera vedteken innan oktober 2024.

Prioritering av satsingsområde:

Kommunedirektøren trekkjer fram økonomi, klima- og miljø, bustadsosialt arbeid, offentleg tenesteyting, førebygging for barn og unge, trafikk og mobilitet og næring som dei prioriterte satsingane våre framover. Nokre tema vert arbeidd med gjennom eigarskapsmelding eller etablerte prosjekt og arbeidsgrupper i organisasjonen. Oppvekststruktur, førebygging blant barn og unge og trafikksikring og bustadsosialt arbeid er satsingar der det likevel peikar seg ut eit planbehov.

Prioritering av arealplanar

Per i dag har vi ei stor portefølje av offentlege arealplanar som er under arbeid, og som har pågått over lengre tid. I mange av desse planane har det vist seg å vera krevjande å få den progresjonen vi ønsker. Det er ikkje heldig, verken for kommunen eller utviklingsaktørane, å arbeide med så mange planar som ikkje blir avslutta.

Samstundes som vi har mange planar i prosess er det stor utvikling i Øygarden kommune. Vekst og utvikling er ein føresetnad for samfunnsutviklinga, men fører også særleg med seg utfordringar med trafikkavvikling og behov for sosial og teknisk infrastruktur. Mange av planane som er i prosess handlar om nettopp slike utfordringar. I denne saka vert det vist til at noko av utfordringa handlar om at kommunen har behov for å arbeida heilskapleg med arealutvikling, og at dette heng tett saman med trafikkutfordringar.

Samordning av arealpolitikken med eit overordna fokus er viktig for å sikra likebehandling av innbyggjarar og utviklingsaktørar. Det vil mellom anna innebera å drøfte arealutfordringar i strandsona, sentrumsområda, bustad og næring i bygdene og attraktive næringsareal. Dei neste to åra er det behov for å utarbeida eit strategisk planprogram som legg føringar for framtidig arealpolitikk i heile kommunen. I eit slikt arbeid vil politiske nivå delta i drøftingar og viktige vegval for arealbruken i kommunen. Dialog og avklaringar med regionale mynde er ein avgjerande del av arbeidet, og strategisk planprogram vil vere ein arena for drøfting av mellom anna omfang på bustad- og sentrumsutvikling, utbyggingsmønster og -takt, strategisk plassering av næringsareal på

land og sjø. Kommunedirektøren meiner at dette vil bidra til progresjon i fleire av dei offentlege arealplanane som ein til no ikkje har lukkast med å løyse.

Arbeid med strategisk planprogram for arealdelen er nødvendig for å samordna arbeidet i organisasjonen retta mot satsingsområda til kommunen. Vi må i tillegg ha tilgjengelege areal og rammevilkår for å møte moglegheitene som dei store drivarane opnar for, som Sotrasambandet, ny vidaregåande skule på Stovevatnet, Ågotnes Hamn og Energiparken.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Revisjon av planstrategi 2020-2023
Planstrategi Øygarden kommune 2020-2023

Innstilling til vedtak:

Utval for samfunnsutvikling vedtek å gjera framlegg til revidert Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023 offentlig tilgjengeleg i 30 dagar, jf. Plan- og bygningslova § 10-1.

Saksopplysningar:

Krav om planstrategi i plan- og bygningslova

Planstrategien er eit politisk styringsverktøy for å ta strategiske vegval og oppnå ønskt samfunnsutvikling. Kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode utarbeida og vedta planstrategien til kommunen, jf. plan- og bygningslova §10-1.

Planstrategien gjer greie for viktige utfordringar og moglegheiter, og korleis vi skal prioritera planoppgåver. Forslag til planstrategi skal gjerast offentlig tilgjengeleg i minst 30 dagar. I PAU-møte 17. januar 2022 vart det slått fast at det er Utval for samfunnsutvikling som vedtek å gjera planstrategien offentlig tilgjengeleg. Formålet med å høyra planstrategien er å få synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar, og for å kunna gjennomføra brei medverknad og leggja opp til ein allmenn debatt som grunnlag for vedtak. Endeleg behandling og vedtak etter denne høyringa, vert gjort av kommunestyret. Lovkravet til prosess gjeld også ved revisjon av planstrategien i inneverande valperiode, slik vi no gjennomfører.

Gjeldande planstrategi for inneverande kommunestyreperiode

Som ny kommune var det behov for å arbeida fram overordna mål og strategiar for utviklinga av samfunn, organisasjon og areal. Den vedtekne planstrategien (KS-sak 153/20) slo fast at det var behov for å prioritera arbeidet med kommuneplanen. Samfunnsdelen, arealdelen og økonomiplan med handlingsdel til kommuneplanen var difor prioritert som dei viktigaste planoppgåvene for kommunestyreperioden. I tillegg vart to offentlege arealplanar prioriterte gjennom planstrategien; Reguleringsplan for Stovevatnet og reguleringsplan for Miljøgata Kvednatunet – Kårtveitpollen (Ågotnes).

I planstrategien vart det også vurdert at det ikkje var grunnlag for å vurdere behovet for samfunnsplanar på nivå 2 (strategiar, tema- og handlingsplanar) før kommunen hadde fått på plass mål og strategiar for korleis kommunen skal utvikla seg. Som vedlegg til planstrategien følgde ei liste over planar innanfor samfunn på nivå 2, som kommunen tok med seg frå dei tre tidlegare kommunane Sund, Fjell og Øygarden.

Status på prioriterte planoppgåver i gjeldande planstrategi

- *Samfunnsdelen til kommuneplanen* vart vedteken i kommunestyret 24. mars 2022.
- *Arealdelen til kommuneplanen*: Administrasjonen har starta med førebuingane til eit *strategisk planprogram*. I PAU 17. januar 2022 vart strategisk planprogram drøfta som ei løysing for å løfta fram nokre viktige overordna grep og ta nokre prinsipielle avklaringar for arealbruk i kommunen vår. Strategisk planprogram vert arbeida med i inneverande kommunestyreperiode, der dagens kommunestyre får ei viktig rolle i å utforma overordna arealpolitikk politik. Vedtak av planprogrammet er planlagt til våren 2024.
- *Økonomiplanen med handlingsdel til kommuneplanen* vert rullert årleg, jf. kommunelova § 14-3.
- *Reguleringsplan for Stovevatnet*: Administrasjonen arbeider med eit førebuaende kunnskapsgrunnlag, som mellom anna inneber å sjå strategisk på utviklinga i regionsenteret. Arbeidet med reguleringsplanen er venta å starta opp i løpet av kommunestyreperioden. Planarbeidet vert finansiert med midlar frå Miljøløftet.
- *Reguleringsplan for Miljøgata Kvednatunet – Kårtveitpollen (Ågotnes)*. Oppstart 2022. Planarbeidet vert finansiert med midlar frå Miljøløftet.

Planar som ikkje er forankra i planstrategien

Sidan planstrategien vart vedteken i oktober 2020 har kommunen vedtatt eller starta opp fleire planar eller strategiar (ikkje uttømmande):

- *Kommunedelplan for vatn, avlaup og overvatn 2022-2034*. Planprogrammet er vedteken (KS-sak 158/21), og planen er under arbeid. Planen skal setja langsiktige mål og føringar for VA og overvatn i heile kommunen. Planarbeidet skal samordnast med utviklinga av strategisk planprogram for arealdelen til kommuneplanen for Øygarden.
- *Gjennomføringsplan for framtidige helse- og velferdstenester 2021*. Vedteken (KS-sak 084/21).
- *Leva heile livet i Øygarden*. Vedteken (KS-sak 032/21).
- *Handlingsplan for næringsutvikling 2022*. Vedteken (FS-sak 015/22)
- *Veteranplan 2022* (til behandling)
- *Plan for framtidias skule* (under arbeid)

Revisjon av planstrategien

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kommunedirektøren er å leggja til rette for at kommunen har eit planverk som møter utfordringane, bygger opp under moglegheitene, og legg til rette for å nå ønska mål for samfunnsutviklinga. For å sikra den gode samanhengen i plansystemet, meiner kommunedirektøren at det er behov for å vurdere kva for planar kommunen treng for å kunne følgja opp mål og strategiar i samfunnsdelen. For å følgja opp vedtaket av planstrategien som vart gjort i oktober 2020 (KS-sak 153/20), vert det gjennomført ein revisjon av planstrategien no som samfunnsdelen er vedteken. Føremålet med å revidere planstrategien er å prioritera planoppgåver fram til neste ordinære planstrategi (seinast oktober 2024).

Samfunnsdelen til kommuneplanen – vårt øvste styrande dokument

Kommunestyret vedtok i KS-sak 014/22 samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune 2022-2034. Både politikarar, tilsette i kommunen, innbyggjarar, lag og organisasjonar og næringsliv har vore involvert i prosessen med å utarbeida samfunnsdelen.

Samfunnsdelen set ei tydeleg retning for korleis kommunen skal utvikla seg som samfunn og organisasjon, og inneheld viktige overordna prinsipp for korleis vi skal utvikla areala i kommunen gjennom arealstrategiar med tilhøyrande senterstruktur. Samfunnsdelen er det øvste styringsdokumentet i plansystemet til kommunen, og andre planar skal følgja opp mål og strategiar i samfunnsdelen. Samfunnsdelen er tydeleg på kva kommuneorganisasjonen skal oppnå i eit langsiktig

perspektiv. Vedtak av samfunnsdelen er eit viktig grunnlag for prioritering, og påverkar også arbeid og planprosessar som allereie pågår i kommunen.

Folkehelseperspektiv:

Denne saka bygger på kunnskapsgrunnlaget som ligg til gjeldande planstrategi. Folkehelseoversikt for Øygarden er ein del av kunnskapsgrunnlaget. Revisjon av planstrategien får ikkje direkte konsekvensar for folkehelse, men peikar på viktige satsingar som har betydning for folkehelsa.

Økonomiske konsekvensar:

Det ligg kostnader i å både utarbeida og følga opp prioriterte planar. Planarbeid krev kostandar til gjennomføring av prosessar, utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og utarbeiding av plandokument. Etter at planane er vedteken, kjem det kostnader i form av gjennomføring og etablering av tiltak. Samla kostnadar i kvar enkelt plan må sjåast i samanheng med det totale kostnadsbiletet av planarbeid, både i planprosessen og gjennomføring av tiltaka i vedteken plan. Derfor heng prioritering av planarbeid tett saman med kommunen sine økonomiske prioriteringar. Noko av planarbeidet knytt til sentrumsutvikling blir finansiert gjennom Miljøløftet.

Vurdering:

Målretta arbeid krev kontinuitet i arbeidsoppgåver og føreseieleg bruk av ressursar. Planstrategien er styrande for kva planoppgåver vi skal ha kontinuitet i, og viser korleis vi skal prioritera nødvendige ressursar i organisasjonen. Derfor er det viktig at planbestillingar kjem gjennom planstrategien, slik at vi greier å følga den strategiske retninga som er peika ut.

Plansystemet i Øygarden har som formål å sikra oppfølging, iverksetting og gjennomføring av politiske mål, prioriteringar og vedtak.

Avgrensing av arbeidet

Kommunen har ein stor portefølje av planar innanfor samfunn frå dei tre tidlegare kommunane. For å sikra eit mest mogleg oversiktleg plansystem som gir klare styringssignalar må det vurderast om desse planane skal vidareførast, erstattast eller utgå. Sidan vi no gjer ein mindre revisjon av planstrategien tilrår kommunedirektøren å ta stilling til planar frå dei tre tidlegare kommunane ved neste ordinære planstrategi.

Korleis prioriterer vi planoppgåver?

Som relativt ny kommune, og med nyleg vedteken samfunnsdel, vil det naturleg vera behov for fleire (strategiske) planar som understøtter vedteken politikktutforming i samfunnsdelen. Av kapasitetsomsyn meiner kommunedirektøren at det er avgjerande å prioritera kva planar som det er viktigast å utarbeida i inneverande kommunestyreperiode, dei to komande åra.

Når det gjeld offentlege arealplanar meiner kommunedirektøren at det er viktig å prioritera planar som er avgjerande på kort sikt for å sikra framdrifta i prosjekt som er viktige drivarar for samfunnsutviklinga, og planar som er viktige for å dra nytte av dei moglegheitene som dei store utviklingsprosjekta kan føra med seg.

Når det gjeld planar innanfor samfunnstema er det nokre satsingar som gjennom prosessen med samfunnsdelen har peika seg ut som viktige å ta tak i på kort sikt. Administrasjonen har gjort ei vurdering av om det er eit planbehov innanfor dei ulike satsingane som må prioriterast no, eller om andre pågåande prosjekt/arbeid er tilstrekkeleg for å følga opp satsingane fram til ny ordinær planstrategi.

Prioriterte satsingar – tema

Økonomi

I Øygarden kommune utgjør økonomiplanen handlingsdelen til kommuneplanen, jf. Plan- og bygningslova § 11-1, fjerde ledd. Den har eit perspektiv på fire år, og skal rullerast årleg. Økonomiplanen skal følgja opp mål og strategiar i samfunnsdelen, og peika ut kva for tiltak som skal gjennomførast i løpet av fireårsperioden. Økonomiplanen er difor eit viktig verktøy for å sikra at vi styrer i riktig retning. Gjennom konkrete prioriteringar i drifts- og investeringsbudsjett, er økonomiplanen sentral for korleis vi utviklar tenesteområde og korleis vi driftar kommunen. Også tiltak og satsingar som ligg i andre planar (nivå 2) skal følgast opp med prioriteringar i økonomiplanen.

God økonomistyring er viktig for å få til ein berekraftig økonomi og skapa handlingsrommet vi treng for å kunna utvikla kommunen i den retninga vi ønsker. Vi må derfor ha god oversikt over utfordringar og moglegheiter som ligg framfor oss, slik at vi klarer å møta den venta samfunnsutviklinga og befolkningsveksten med ei tenesteutvikling som står i samsvar med dette. I samfunnsdelen er det lagt vekt på at økonomiplanen tydeleg skal prioritera helsefremjing og førebygging framfor reparering, slik at vi oppnår eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse. Dersom vi lukkast i denne prioriteringa vil kommunen spare pengar på sikt, og dermed skapa eit større handlingsrom.

Øygarden kommune er ein kommune med mange viktige aktørar som bidrar til samfunnsutviklinga. Dette vert synleg i det store omfanget av arealplanar som skapar store moglegheiter for vidare utvikling av kommunen. Vekst og bygging er ein føresetnad for samfunnsutviklinga, men det utløyser også eit behov for investeringar i offentleg vatn og avløp, vegutbetringar, nye vegar, trafiksikringstiltak, helse- og omsorgstenester, skule-, barnehage-, og fritidstilbod, kulturtilbod, klimatiltak m.m. Nye investeringar krev også auka driftskostnader. Arealbruk og kvar vi prioriterer og bygga ut, må derfor sjåast i samheng med dei målsettingane vi har satt oss for samfunnsutvikling, men også det økonomiske handlingsrommet til kommunen, i eit langsiktig perspektiv.

Kommunelova § 14-1 stiller krav til at kommunen skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Kommunen skal vedta finansielle måltal for utviklinga av økonomien i kommunen. I Øygarden kommune er det vedtatt måltal for netto driftsresultat, disposisjonsfond og lånegjeld. Økonomiplanen er ei lovpålagt planoppgåve som skal rullerast årleg, jf. Kommunelova § 14-2.

Klima og miljø

Arbeidet med samfunnsdelen har avdekka manglande koordinering og strategisk arbeid med klima- og miljø i kommunen. Det er mange ulike aktørar som direkte eller indirekte arbeider med tiltak retta mot klima og miljø, men utan at kommunen har plassert eit overordna og strategisk ansvar for dette i organisasjonen. Kommunen har forplikta seg gjennom til Klimapartneravtala og Byvekstavtala (Miljøløftet), og systematisk arbeid med å følgja opp desse avtalane kan vera tilstrekkeleg på kort sikt. Eit planbehov innanfor dette temaet er viktig å vurdere på nytt ved neste ordinære planstrategi.

Satsingsområdet klima og miljø heng tett saman med arealplanlegginga vår. Her tek vi avgjerder som i stor grad påverkar miljø og korleis vi skal tilpassa oss klimaendringar. Gjennom arbeidet med strategisk planprogram for arealdelen vil vi kunna opparbeida oss kunnskap til å ta dei gode og heilskaplege avgjerslene. I arbeidet med kommune- og regionsenter, kommunedelsentra og lokalsentra vil løysingar for mobilitet og effektive kollektivtilbod bidra til at vi reduserer klimagassutslepp.

Bustadsosialt arbeid

I arbeidet med samfunnsdelen vart det identifisert utfordringar kring samhandlinga i det bustadsosiale arbeidet. Fleire påpeika at det er uklare roller og ansvar både mellom føretaket og kommunen, men også internt mellom ulike einingar i kommunen. Kommunen treng også å arbeida med behovet for bustadar i eit lengre tidsperspektiv, og vurderer korleis vi best kan utnytta bustadsosiale verkemiddel for å understøtta målet om ein god stad å bu. Kommunedirektøren meiner at ei eigarskapsmelding vil kunne avklare noko av organiseringa av det bustadsosiale arbeidet. Både den interne organiseringa i kommunen og Øygarden bustadutvikling KF si rolle.

Gjennomføringsplan for framtidens helse- og velferdstenester og plan for Leva heile livet i Øygarden seier noko om behovet for bustadbehovet for eldre behov. Behovet i andre deler av befolkninga er ikkje del av desse planane. Kommunedirektøren meiner at ein bustadsosial plan, for å arbeida strategisk og langsiktig med både organiseringa av det bustadsosiale arbeidet er nødvendig. Langsiktige bustadbehov må også sjåast i samheng med nødvendige arealbruk og investeringar.

Offentleg tenesteyting

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen, og i andre pågåande saker, er det påvist behov for å arbeida meir strategisk med planlegging av framtidig offentlig tenesteyting. Dette inneber til dømes å sikra kapasitet i barnehage, skule, helsetenester, omsorgstenester og anna, slik at vi kan utvikla kommunen i tråd med vedteken samfunnsdel. Vi står ovanfor ei demografisk endring der befolkninga om nokre år vil ha ein større del eldre, og ein mindre del unge enn vi har i dag. Samstundes er det også venta at denne utviklinga ikkje vil vera jamt fordelt i heile kommunen. I området rundt regionsenteret er det til dømes venta ei auke i talet på barn og unge, som gjer at vi kan få utfordringar med kapasiteten på tenester som barnehage, skule og idrettstilbod. For å skapa føreseielegheit for innbyggjarar og i størst mogleg grad unngå justering av kringsgrensar, meiner kommunedirektøren at det er eit behov for å sjå på skule- og barnehagestrukturen i kommunen. Kommunedirektøren tilrår difor at plan for oppvekststruktur vert ei prioritert planoppgåve i inneverande kommunestyreperiode.

Befolkningsprognosar og oppvekststruktur står i sterk samheng med den vedteke senterstrukturen i samfunnsdelen. Kvar vi legg til rette for bustad og næringsutvikling, kvar vi tek vare på natur og bygger opp under friluftsområde og at vi sikrar nok areal til dei offentlege tenestene våre er strategisk avgjersler som er gjensidig avhengig av kvarandre. Plan for oppvekststruktur må derfor ha ei tett kopling til både strategisk planprogram for arealdelen og arbeidet med sentrumsområda våre.

Offentleg tenesteyting handlar også om korleis vi leverer tenester til innbyggjarane våre. Det er starta opp eit arbeid med å utarbeida plan for framtidens skule. Kommunedirektøren tilrår at dette arbeidet vert vidareført, og at dette blir ei prioritert planoppgåve i kommunestyreperioden.

Kommunedelplan for vatn, avlaup og renovasjon er starta opp, og blir arbeida vidare med i kommunestyreperioden. Planen skal setja langsiktige mål og føringar for VA og overvatn i heile kommunen. Planarbeidet skal samordnast med utviklinga av strategisk planprogram for arealdelen til kommuneplanen for Øygarden.

Førebygging blant barn og unge

Folkehelse, førebygging og tidleg innsats er viktige grep i samfunnsdelen, og inngår i fleire mål og strategiar. Det er mange ulike aktørar som spelar ei rolle i det førebyggjande arbeidet, og det krevst koordinering og forplikande samarbeid for å sikra at vi prioriterer folkehelse og førebygging i tråd med vedteken samfunnsdel. Nokre utfordringar krev at vi som kommune brukar mykje ressursar på å dekkja hjelpebehov. Vi treng å sjå på korleis vi kan førebygga desse utfordringane, slik at vi skapar best mogleg livskvalitet for innbyggjarane, men også slik at vi som kommune sparar ressursar på sikt, i tråd med målsettingar i samfunnsdelen. I samband med Barnevernsreforma er det knytt eit statleg plankrav til kommunane som tek for seg det førebyggjande arbeidet for barn og unge.

Administrasjonen førebur dette arbeidet, og kjem med ei orientert om dette i ei eiga sak. Kommunedirektøren tilrår at plan for førebyggjande arbeid blir ei prioritert planoppgåve for denne kommunestyreperioden.

Trafikk og mobilitet

Både arbeidet med samfunnsdelen og andre pågåande prosjekt og arbeid, viser eit behov for å arbeida meir strategisk og langsiktig med mobilitetsutfordringar i kommunen. Kommunen har utfordringar med kø, og må forventa eit enda meir krevjande trafikkbilete som følgje av anleggsarbeid med bygginga av Sotrasambandet. Gjennom vedtak av samfunnsdelen skal vi arbeida for eit betre og meir fleksibelt kollektiv- og mobilitetstilbod.

Kommunen har oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe for Miljøløftet. Arbeidsgruppa arbeider med både kortsiktige utfordringar knytt til kø-situasjon, men også meir langsiktige satsingar for å oppnå målet om berekraftig og smarte mobilitetsløyser. Kommunedirektøren meiner at det vert lagt eit grunnlag for å gjera gode prioriteringar og satsingar innanfor mobilitet gjennom dette arbeidet, men at behovet for ein eigen plan for dette temaet må vurderast på nytt ved neste ordinære planstrategi.

Kommunen har tre eldre trafiksikringsplanar frå dei tidlegare kommunane som er gjeldande fram til ny plan er vedteken. Kommunedirektøren meiner det er behov for å samordna desse planane for å få ei samla oversikt over investerings- og vedlikehaldsbehovet på vegnettet. Arbeidsgruppe for Miljøløftet arbeider med ei samla oversikt, men kommunedirektøren meiner det er behov for ein ny trafiksikringsplan for å gjera prioriteringar mellom tiltaka.

Samfunnsdelen er tydeleg på at senterstrukturen skal vera eit grunnlag for å sikra korte avstandar til kvardagsdunksjonar, og er utgangspunktet for effektive løyser for mobilitet og kollektiv. I arbeidet med strategisk planprogram for arealdelen vil trafikk og mobilitet vera sentrale tema når vi skal leggja dei overordna føringane for utviklinga av kompakte og sterke senter.

Næring

Samfunnsdelen har ambisiøse mål for næringsutviklinga i kommunen, og legg opp til eit utbreitt samarbeid mellom kommunen og næringslivet. For å sikra at vi lukkast i dette arbeidet er det blant anna behov for å arbeida meir strategisk med korleis vi utnyttar ressursane våre i dei kommunale føretaka, og særleg Øygarden næringsutvikling KF. Kommunedirektøren meiner at det først og fremst er viktig å få på plass ei eigarskapsmelding, som vil kunne avklare korleis vi brukar føretaka våre.

Eit eige hovudmål i samfunnsdelen med fleire delmål og strategiar tek for seg næring og næringsutvikling i kommunen. Desse målsettingane heng tett saman med korleis vi som kommune skal skapa gode og føreseielege rammevilkår for næringsssatsingane våre, gjennom overordna arealbruk og heilskaplege arealutvikling. Grøn omstilling og tilrettelegging for grønne bransjeklynger er noko samfunnsdelen set fokus på. Kommunen har fleire viktige næringsområde som bygger opp under desse strategiane, til dømes energiparken med CCS anlegget og ambisjonar om nullutsleppshamn på Ågotnes.

Overordna arealplanlegging er eit viktig premiss for samfunnsutviklinga

Arealdelen til kommuneplanen ligg allereie som ei prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi. Kommunedirektøren held fast ved at å starta opp arbeidet med eit strategisk planprogram for arealdelen til kommuneplanen er nødvendig for å samordna arbeidet i organisasjonen retta mot miljø- og klima, tenesteutvikling og offentleg areal og næringsssatsingane våre.

Som oppfølging av samfunnsdelen og senterstrukturen må vi også i større grad sjå bustadbygging i samanheng med etablering av skular, barnehage og eit effektivt kollektivtilbod. Fordi styrt utvikling gir eit meir føreseieleg bilete av framtidig behov for skuleplassar og nødvendige kollektivruter, må vi også sjå korleis overordna arealbruk bidreg til å løysa utfordringane vi møter her.

Innspela til arbeidet med samfunnsdelen viste eit stort engasjement og forventningar frå innbyggjarar, utbyggjarar og næringsliv om at oppfølginga av samfunnsdelen i stor grad handlar om å leggja til rette for bygging. Utvikling av areal i strandsona og behovet for marine næringsareal i sjø, var også eit tema som engasjerte breitt, blant både innbyggjarar og næringslivsaktørar.

Strategisk planprogram vil vera eit ledd i å oppnå likebehandling for innbyggjarar og utviklingsaktørar, på tvers av dei gamle kommunegrensene. Ut i frå eit forvaltingsperspektiv har vi behov for å harmonisera dei tre eksisterande arealplanane opp mot gjeldande lovverk, lokalt handlingsrom og lokale føringar i samfunnsplanen.

For å kunne styre etter målsettingane i samfunnsdelen er det fleire satsingsområde og sentrale drivarar som krev arealavklaringar og prioritet. Avklaringar som igjen vil kunna ta oss i retninga av å løysa motsegsaker om arealbruk som vi står fastlåst i.

Viktige utviklingsområde for å nå måla i samfunnsdelen

I samfunnsdelen er det vedteken ein senterstruktur med fire nivå. Prinsippet om at heile kommunen skal takast i bruk ligg som grunnlag for senterstrukturen. Alle delar av kommunen er viktige, men spelar ulike roller, og må utviklast på ulike måtar. Samfunnsdelen har eit tolvårig perspektiv, og vi kan ikkje løysa alt dei to første åra. Det er difor viktig at vi er tydelege på kva for planar vi prioriterer her og no, også innanfor arealplanane.

Det er særleg nokre område i kommunen som peikar seg ut som sentrale nøkkelfaktorar på kort sikt, for at vi skal få til den samfunnsutviklinga vi ønsker på lang sikt. I drøftingsgrunnlaget til samfunnsdelen er det identifisert viktige drivarar for samfunnsutviklinga; Sotrasambandet, ny vidaregåande skule på Stovevatnet, flytting av Bergen hamn til Ågotnes, og utviklinga av Energiparken (CCS-anlegg).

For å sikra at vi bygger opp under desse drivarane, og at vi utnyttar dei moglegheitene som fleire av desse drivarane opnar for, er det nokre område som peikar seg særskild ut som viktige å arbeida med.

Straume/Stovevatnet

Gjennom realiseringa av Sotrasambandet vert Stovevatnet fylt igjen, og riksvegen lagt i tunell. Med dette blir eit heilt nytt, offentleg eigd område midt i sentrum tilgjengeleg for utvikling. Fylkeskommunen har allereie peika ut Stovevatnet som staden for ny vidaregåande skule. Stovevatnet opnar opp for eit endra mobilitetsmønster og ny kollektivterminal. Med eigen kollektivtrase gjennom sentrum, vert området eit viktig knutepunkt for øygaardssamfunnet. Med auka attraktivitet som bustadområde, aukar også presset på behovet for offentleg tenesteyting, også innanfor oppvekst, kultur og idrett. Vi som kommune har også eit særleg ansvar for å prioritera arealplanar som er nødvendige for å sikrar enklast mogleg gjennomføring av Sotrasambandet.

Energiparken

Etablering av CCS-anlegget og dei synergieffektane det kan medføre er ein viktig drivar for samfunnsutviklinga. Det er store aktørar som er initiativtakarar, og det er eit stort potensiale for næringsutvikling og aktivitet i området.

Kommunedelsentera

Kommunedelsentera er ein viktig del av senterstrukturen. Kommunedelsentera skal ha funksjonar som er viktige supplement til kvardagsbehovet, men skal også vera ein god stad å bu og eit godt nærområde for dei som bur der.

Kommunedelsenteret Rong har fått utløyst ein del av potensialet gjennom offentleg satsing på tenester og tilbod dei siste åra. I kommunedelsentera Skogsskiftet og Ågotnes er det eit behov for å

arbeida strategisk for å få til ei god utvikling. Kommunedirektøren meiner difor at desse er viktige område å prioritera. Flytting av Bergen hamn til Ågotnes er også ei av dei viktige drivarane for samfunnsutviklinga. Dette skal etter planen skje i løpet av nokre få år, og det er viktig at kommunen er ein god samarbeidsaktør og tilretteleggjar for denne utviklinga. I forbindelse med flytting av hamn, vil det kunne bli aktuelt med utarbeiding av arealplan, men det er ikkje avklart p.t. om dette blir ein offentleg eller privat reguleringsplan.

Tabell 1 viser ei oversikt over offentlege reguleringsplanar som er kommunedirektøren meiner er viktigast å prioritera fram mot 2024, for å bygga opp under drivarane for samfunnsutvikling, og for oppfølginga av senterstrukturen i samfunnsdelen:

TABELL 1

Prioriterte offentlege arealplanar i perioden	Formålet med planen	Overordna grep og parallelle prosessar som er viktige for å få framdrift.	Kva for avklaringar må gjerast i kommunestyreperioden?
Straume/Stovevatnet	Ambisjon om å binda saman sentrum i retning nord-sør, jf. delmål i samfunnsdelen. Legga til rette for offentleg tenesteyting sentralt i regionsenteret (inkl ny VGS), mobilitet.	<p>Avhengig av samordning med anleggsfasen for Sotrasambandet, VLFK (VGS og kollektiv) og Miljøløftet.</p> <p>Drøftingar i planen vil vere relevant for omliggande planar i regionsenteret og nye planinitiativ.</p> <p>Drøftingar vil vere sentralt for vidare arbeid for å konkretisere funksjonsinnhald i regionsenteret som er relevant for strategisk planprogram KPA.</p>	<p>Planmidlar gjennom miljøløftet. Pågår førebuing av planprosess.</p> <p>Avklare behovet for offentleg tenesteyting, særleg oppvekst og idrett, i eit lengre perspektiv, som ein del av regionsenterutviklinga.</p> <p>Starte opp planprosess.</p>
Skogsskiftet (detaljregulering)	<p>Planlegge for sentrumsutvikling, fylkesveg og lokalvegnett.</p> <p>Følgje opp senterstrukturen i KPS og legga til rette for utvikling av kommunedelsenteret sør i kommunen.</p>	<p>Avhengig av å få løyst motsegn knytt til teknisk infrastruktur (veg, renovasjon etc), og teneleg modell for finansiering /rekkjefølgekrav.</p> <p>Viktig for omliggande private planar, KDP for VA, Miljøløftet og Regional transportplan.</p> <p>Drøftingar vil vere sentralt for vidare arbeid for å</p>	<p>Motsegn etter 2. gangshøyring.</p> <p>Avklare kostnader og innslagspunkt for rekkjefølgekrav.</p> <p>Arbeide fram plan til sluttbehandling.</p>

<p>Miljøgate/sentrumsutvikling Ågotnes</p>	<p>Planlegge for sentrumsutvikling, miljøgate og kollektivterminal. Ambisjon om å utvikle eit samanhengande sentrum.</p> <p>Følgje opp senterstrukturen i KPS og leggje til rette for utvikling av kommunedelsenteret i midtre del av kommunen.</p>	<p>konkretisere funksjonsinnhald i kommunedelsenteret som er relevant for strategisk planprogram KPA.</p> <p>Må ta omsyn til regulert fylkesveg 561. Avhengig av samarbeid med VLFK, Miljøløftet og grunneigarar.</p> <p>Miljøgata er eit viktig premiss for å løyse motsegn og få framdrift i privat plan for Ågotnes sentrum S1 og S4 .</p> <p>Drøftingar vil vere sentralt for vidare arbeid for å konkretisere funksjonsinnhald i kommunedelsenteret som er relevant for strategisk planprogram KPA.</p>	<p>Planmidlar gjennom miljøløftet. Pågår anbudsprosess for konsulentoppdrag.</p> <p>Avklare sentrumsplanen (S1/S4) sitt forhold til miljøgata.</p> <p>Starte opp planprosess.</p>
<p>Områderegulering Energiparken Sør</p>	<p>Tilrettelegge for vidare næringsutvikling og grøn omstilling.</p> <p>Byggje opp under og forsterke næringsklynga i Energiparken, jf. delmål i samfunnsdelen.</p>	<p>Er viktig for strategiske vurderingar av utviklingspotensialet.</p> <p>Relevant å få avklart risiko og sårbarheit og trafikkavvikling, som må vurderast i samheng med resten av Energiparken.</p> <p>Samordning og avklaring av planprogram for ny vegtrasé frå Blom.</p>	<p>Varsle oppstart m/planprogram på høyring.</p> <p>Innarbeide val av vegtrase (jf. planprogram for ny vegtrase Blom – Energiparken).</p> <p>Vedta planprogram.</p> <p>Behandle planframlegg til offentleg ettersyn.</p>
<p>Planprogram for ny vegtrase Blom - Energiparken</p>	<p>Ta stilling til ny vegtrase.</p> <p>Byggje opp under og forsterke næringsklynga i Energiparken, jf. delmål i samfunnsdelen.</p> <p>Løysa kritisk punkt på</p>	<p>Avheng av samordning med områdeplan for Energiparken sør, og samhandling med VLFK.</p> <p>Vegtraseen er viktig for å kunne utnytte potensialet i Energiparken.</p>	<p>Ta stilling til val av vegtrasé.</p> <p>Sluttbehandle planprogrammet.</p>

<p>Detaljregulering Energiparken</p>	<p>eksisterande vegtrase (Dale bru). Samordna interesser og oppdatere og harmonisera reguleringsplanar i Energiparken. Følgja opp delmål om næringsklynge og grønt omstilling i samfunnsdelen. Oppheva eldre reguleringsplan.</p>	<p>Er avhengig av framdrifta i dei øvrige reguleringsplanane. Relevant for å løfta overordna ROS for Energiparken som kommunen har fått innspel på frå DSB. Relevant for fleire reguleringsplanar i området.</p>	<p>Drøfta eigarskap og strategi i Energiparken med aktuelle samarbeidspartar. Drøfta handtering av ROS i Energiparken.</p>
--------------------------------------	---	--	---

Tabell 2 viser ei oversikt over planar som er viktige for samfunnsutviklinga, men vurderinga tidlegare i saka viser at desse ikkje er like avgjerande for drivarane på kort sikt. Sjølv om desse planane ikkje har like høg prioritering dei neste to åra, viser kolonna til høgre avklaringar vi har mål om å arbeida med i den resterande kommunestyreperioden.

TABELL 2

<p>Prioriterte offentlege arealplanar i perioden</p>	<p>Formålet med planen</p>	<p>Overordna grep og parallelle prosessar som er viktige for å få framdrift.</p>	<p>Kva for avklaringar må gjerast i kommunestyreperioden?</p>
<p>Bildøytangen SE1</p>	<p>Sentrumsutvikling og framtidig utvikling av regionsenteret. Følgje opp senterstrukturen i KPS.</p>	<p>Avhengig av å få løyst motsegn som gjeld utbyggingsomfang og utbyggingstakt. Det er ei statleg forventning til at kommunen avklarar motsegnspunkta ved å svare ut strategiar for regionsenterutvikling i ny kommune. Relevant for framtidig utvikling av regionsenteret og framtidig tenestetilbod som skal drøftast i strategisk planprogram.</p>	<p>Har motsegn. Behov for strategisk drøfting av omfang på bustad- og sentrumsutvikling, utbyggingsmønster og -takt, i forhold til Straume. Drøftingane over utgjer grunnlaget for å gå i dialog med statlege myndigheiter om motsegnspunktet.</p>
<p>Branddalsåsen SE3</p>	<p>Sentrumsutvikling og framtidig utvikling av regionsenteret. Følgje opp senterstrukturen i KPS.</p>	<p>Avhengig av dialog med SVV/Sotrasambandet/ Sotra Link for å få løyst motsegn som gjeld Sotrasambandet og tidspunkt for utbygging av fase 1 i planen. Relevant for utvikling av regionsenteret og framtidig tenestetilbod. Planen er også relevant for etablering av g/s-</p>	<p>Har motsegn. Må drøfte overlappende plangrenser og fase 1 med Sotrasambandet/ Sotra Link. Kan bli aktuelt med mekling.</p>

<p>KDP for Knarrevika med restriksjonssone</p> <p>Områdeplan for næringsareal på Eide</p>	<p>Sikra at det ikkje vert sett i gang ny verksemd i området som aukar risiko for samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur, jf. delmål i KPS.</p> <p>Tilrettelegging for næringsutvikling og marine næringar.</p> <p>Utvikling av næringsklynge, jf. delmål i KPS</p>	<p>tilbod mellom eksisterande off.tenesteyting og Straume sentrum.</p> <p>Avhengig av supplering av eksisterande ROS-analyse.</p> <p>Viktig for å redusera risiko når Sotrasambandet kjem i drift.</p> <p>Treng avklaring av handlingsrom for utvikling med bakgrunn i funn av sterkt trua art i området for planen.</p> <p>Behov for avklaring av finansiering då planen ser ut til å krevje store investeringar i innan teknisk infrastruktur.</p> <p>Utvikling av framtidig næringsareal i tråd med arealstrategiar i KPS blir eit sentralt tema i strategisk planprogram KPA.</p>	<p>Supplere ROS-analysen. Gjennomføre drøfting med SFVL og SVV/Sotrasambandet.</p> <p>Behandle planframlegg.</p> <p>Utkast til plan har vore drøfta i Regionalt planforum.</p> <p>Behov for å finna handlingsrommet til kommunen.</p>
<p>Arefjordsvegen (Brattholmen skule – Arefjordspollen vest)</p>	<p>Forbetre tilhøva for gåande og syklande ved å regulere fortau, jf. strategi om trygg skuleveg i samfunnsdelen.</p>	<p>Avhengig av samarbeid med VLFK og plankonsulent.</p> <p>Planlegging for utbetringar av vegstrekket inngår i drøftingar som gjeld framtidig utvikling av regionsenteret, og særskilt mobilitet. Vil kunne gje trygg skuleveg for fleire enn i dag.</p>	<p>Avklare planløyningar med fylket.</p> <p>Behandle planframlegg.</p>
<p>Områdeplan for Forlandsvågen</p> <p>Områderegulering for Straumsosen SE2</p>	<p>Vidare utvikling av bustader og tilgang til sjø og båtplassar på Forland, som ligg i lokalsenteret for Stranda.</p> <p>Snuplass for buss (Skyss).</p> <p>Satt av til sentrumsformål i KDP for Bildøyna. Hytteområde på Bildøyna i dag.</p>	<p>Avhengig av å landa løysing for snuplass for buss (Skyss).</p> <p>Avhengig av samarbeid med plankonsulent.</p> <p>Avhengig av transformasjon av området.</p> <p>Relevant for framtidig</p>	<p>Avklare planløyningar med fylket.</p> <p>Behandle planframlegg.</p> <p>Strategisk planprogram KPA vil leggja eit grunnlag for å drøfte framtidig utvikling i SE2.</p>

		utvikling av regionsenteret og framtidig tenestetilbod som skal drøftast i strategisk planprogram.	
Områderegulering Vikane	Framtidig utvikling av kommunedelsenteret Rong.	Drøftingar vil vere sentralt for vidare arbeid for å konkretisere funksjonsinnhald i framtidig utvikling av kommunedelsenteret nord i kommunen. Er relevant for strategisk planprogram KPA.	Strategisk planprogram KPA vil leggja eit grunnlag for å drøfte framtidig utvikling i Vikane.
Detaljregulering Ovågen friluftsområde	Friluft, rekreasjon og trafikksikring.	Avhengig av å finna løysing for trafikksikring i området.	Vegmynder har avslått søknad om nedsett fart. Det er derfor ikkje grunnlag for å jobbe vidare med planen per i dag.

Tilråding/oppsummering av planbehov

Øygarden kommune er framleis ein ny kommune, og med ein nyleg vedteken samfunnsdel er det behov for å arbeida med korleis vi skal følgja den opp på best mogleg måte, slik at vi arbeider samla i retning av å nå måla. Av omsyn til kapasitet meiner kommunedirektøren det er nødvendig å gjera eit utval av planar som skal prioriterast for resten av inneverande kommunestyreperiode. Kommunedirektøren tilrår difor at det vert utarbeidd planar innan følgjande område:

Samfunnsområde:

- Økonomiplan (lovpålagt, årleg rullering)
- Kommunedelplan for vatn, avlaup og overvatn 2022-2034 (pågåar)
- Plan for framtidens skule (pågåar)
- Førebygging barn og unge (oppstart 2022)
- Bustadsosialt arbeid
- Oppvekststruktur
- Trafikksikring

Offentlege arealplanar:

- Strategisk planprogram for arealdelen
- Straume/Stovevatnet (områderegulering)
- Skogsskiftet sentrum (detaljreguleringsplan)
- Energiparken Sør (områderegulering)
- Energiparken (detaljreguleringsplan)
- Planprogram for ny vegtrase Blom/energiparken
- Miljøgate/sentrumsutvikling Ågotnes (detaljregulering)

Kommunedirektøren tilrår at planoppgåver utover dette vert vurdert ved neste ordinære planstrategi, som blir vedteken seinast oktober 2024.

Behandling i Utval for samfunnsutvikling (UFS) 16.05.2022:

Fellesforslag H, Frp, SL, KrF - Andreas Kallekleiv H

Utval for samfunnsutvikling vedtek å gjera framlegg til revidert Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023 offentleg tilgjengeleg i 30 dagar, jf. Plan- og bygningslova § 10-1 med følgjande endringar:

1. Bustadsosialplan startar opp i løpet av 2022
2. Plan for oppvekststruktur vert tatt ut av planstrategien

Orientering:

Planavdelinga ved Kristina Espeseth, Hanna Gjesdahl og Silje Haukedal presenterte planstrategien. Presentasjon vert lagt ved saka.

Votering:

Fellesforslag frå H, FrP, SL og KrF fekk 6 røyster (H (3), KrF (1), FrP (1), SL (1) og vart vedteke. Innstillinga fekk 4 røyster (Ap (3), R (1) og fall.

Desse tok ordet i saka:

Atle Dåvøy (KrF), Ingvild Skaar (Ap), Marita Harkestad Oen (Ap), Anne-Sissel Fjæreide (H),

Vedtak i Utval for samfunnsutvikling (UFS) - 16.05.2022 - 018/22

Utval for samfunnsutvikling vedtek å gjera framlegg til revidert Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023 offentleg tilgjengeleg i 30 dagar, jf. Plan- og bygningslova § 10-1 med følgjande endringar:

1. Bustadsosialplan startar opp i løpet av 2022
2. Plan for oppvekststruktur vert tatt ut av planstrategien